

Preses og biskop Olav Fykse Tveit:

Tale ved vigslinga av Ingvil Øiestad Løvik til diakon

St Olavs kapell på St Olav hospital, Trondheim, 22. september 2025

Kjære Ingvil,

Eg vil på denne dagen minne deg om det står i 1 Joh 4,16:

«Gud er kjærleik, og den som blir verande i kjærleiken, blir verande i Gud og Gud i han» (det kunne også stått «henne», i alle fall gjelde det deg også).

Det er eit nytt avsnitt i livet ditt som startar i dag, men ikkje ei heilt ny forteljing. Du er jo her, og du gjer teneste i preste- og samtaleteamet på sjukehuset. Men med denne vigslinga får du med deg ei stadfesting av eit kall til å gjere denne diakontenesta på vegne av Den norske kyrkja. Du er ikkje her berre fordi du er ein dyktig samtalepartner og omsorgsfull person. Du er her fordi du trengst som ein diakon i denne institusjonen St Olav hospital.

Kva inneber så det?

Kjærleik var gårsdagens tema i kyrkja. Om den kan det seiast og skrivast mykje. På mange måtar og på mange språk.

Diakonitenesta er eitt av dei språk kyrkja har for å tale om kjærleik. Og kanskje endå meir presist: eit språk for å vise kjærleik.

Det er to dimensjonar i den kristne kjærleikstanken som kjem tydelegare fram når kyrkja også gjer diakoni til sitt språk.

Ein av dei dimensjonane er formulert av Bjørnstjerne Bjørnson: «Kjærlighetens gjenskapermakt». Det er alt det som vår kristne tru vitnar om at vi treng av kjærleik i form av nåde. Fordi noko har gått galt, fordi noko er vorte usant, falskt, i strid med Guds gode vilje

for mennesket og heile skaparverket. Då treng vi Guds nåde som kan gjenskape og gjenforeine oss med kvarandre – og med Gud.

Det er kyrkjas store oppgåve å formidle nåden vi får gjennom Jesus Kristus. Det er noko vi særleg og ofte talar om og formidlar i kyrkjas ord og sakramenter, i dåpen og i nattverden.

Men denne kjærleikens kraft er også ein vesentleg del av diakonioppgåva du har. Å formidle evangeliet om nåden handlar ikkje berre om kva vi seier, frå ein talarstol eller i ein andakt, men ikkje minst også kva vi seier i ord og gjerning. Menneske kan kjenne seg utanfor, og til og med fordømt av andre, men også av sine egne tankar. Nådens budskap kan verte mitt fordi nokon vendte seg til meg, nokon satte seg ned og lytta til meg. Dersom eg fekk høyre noko anna, eit nådig ord, eit rop til meg om «å komme hjem», som Ole Paus sang, då kunne eg også møte Guds kjærleik som noko som gjeld meg. Kanskje var det berre ei oppleving av at nokon brydde seg om meg akkurat der eg er i livet, slik eg er, som vart sjølve kjærleikens budskap.

Men i dette spesielle uttrykket frå Bjørnson ligg det eigenleg eit anna poeng som er svært vesentleg nettopp når du skal gjere teneste som diakon. Kjærleiken er ei kraft, ikkje berre til å gjenskape, men til å skape - skape noko nytt.

At eg og du og alle menneske, alt som lever, har fått livet som gåve, er eit uttrykk for Guds kjærleiks makt i denne verda. Det er skaparens kjærleik som uttrykkjer seg i alt som lever. Det gjeld ikkje minst når vi menneske skal leve med at livet er sårbart. Vi kan bli sjuke, vi kan bli skada, og vi må møte livets forgjengelighet. Det står ikkje i motsetnad til kjærleiken, men er ein del av livets realitetar. Men nettopp då kan det bli endå større for oss at vi har fått livets gåve. Særleg dersom vi får bli friske, og får lagt nye dagar og år til livet vårt. Alt det som skjer her for å gi hjelp, behandling og lindring, er i seg sjølv uttrykk for Guds skapande krefter. At

kroppen og sjela frisknar til att, at det er livskraft og heilande krefter rundt oss og i oss – det er stort å oppleve.

Diakonen har ei oppgåve å stå på desse kreftene si side. På eit sjukehus, der heling ikkje berre handlar om inngrep og medisin, men også det som skjer med heile oss som menneske. Ikkje minst å styrkje trua og håpet på dei krefter som kan skape vidare i vårt liv.

Men også i møte med utfordringar i samfunnet, i nære relasjonar og i dei store samanhengar, trengst kjærleiken som ei motkraft. Det gjeld der menneskeverdet, respekt for den andre, for kven vi er som ulike menneske, blir motarbeidd og brote ned. Der skal diakonien vere ei motkraft på skaparens side, som Guds representant, Gud som har skapt oss alle i sitt bilete. For at vi skal leve i rettferd og fred.

Denne doble kjærleikens kraft, skapinga og gjenskinga, er begge Guds krefter. Kyrkja er kalt til å formidle, ja, å arbeide og kjempe for begge deler.

Som diakon får du ei særleg oppgåve til å vere nettopp i dette gode oppdraget, å formidle, å arbeide for og om nødvendig kjempe for kjærleiken. Du kan gjere det med den kraft som Guds kjærleik gjev deg, og som vi på ein heilt spesiell måte i dag ber om at du skal få ha og kjenne.